

21.11.2010

Folkemusikkveke 2012 til Kvinnherad.

Røysterett for alle øver i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Folkemusikkveke 2012 er lagt til Kvinnherad.

**Som oppstart på planarbeidet vert det skipa til eit ope møte i Rådhuset mandag kveld.
Røysterett for alle og Uskedal skulemusikk er særleg inviterte til møte.**

Her vil ein møta Fylkesmusikarane Reidun Horvei, Frank Rolland
og Einar Mjølsnes saman med representatar frå verksemda Kultur og fritid.
Aktuelle tiltak i Folkemusikkveka kan vera:

- * Kyrkjekonserter
- * Kor- og korpsseminar
- * Skule- og barnehagekonserter
- * Folkemusikkurs
- * Utstillingar
- * Folkedanskurs

Fylkesmusikarane FYHND vil vera instruktørar.
Etter informasjonsmøte på mandag vil utsendingane
frå Uskedalen vita meir om kva som kan tilpassast deira drift og planar fram mot 2012.
Ein vil og finna arenaer som høver med prosjektet og konsertnorma.